

Kraftskulen > Energi

Denne introduksjonsfilmen beskriv kva energi er, og kva hovudtypar energi som finst. Energi kan verken oppstå av seg sjølv eller forsvinne. Energien går berre over frå éi form til ei anna. Gjennom konkrete døme får du sjå korleis stillingsenergi kan gå over til rørsleenergi, og korleis strålar frå sola vert gjorde om til ulike energiformer på jorda.

Oppgåver før du ser filmen

Kva forstår du med ordet *energi*? Lag eit tankekart.

Oppgåver til filmen

1. Kva vil det seie at ein gjenstand har energi?
2. Korleis oppstår energi?
3. Kva fornybare energikjelder kjenner du til?
4. Kva energiform har eit høgthengande berg?
5. Kva er forskjellen på ein energiberar og ei energikjelde?
6. Kvifor er vassenergi ei fornybar energikjelde?
7. Korleis vert solenergien lagra i plantene?
8. Kvifor kan ein seie at bensin er «gammalt sollys»?
9. Kvar vert energien i bensinen av under bilkøyning?
10. Kvar vert det av energien frå trakkinga di når du sykklar?

Fordjupingsoppgåver

1. Kva energiformer meiner du Noreg bør satse på? Grunnkje svaret.
2. Gje døme på energiberarar med høg og låg kvalitet.
3. Den rike delen av verda bruker mykje meir energi per innbyggjar enn den fattige delen. Er det greitt at dei rike får lov til å auke energiforbruket sitt, mens andre ikkje får lov? Grunnkje svaret ditt.